



ETNE KOMMUNE

RÅDMANNEN

Hordaland Fylkeskommune

29 JAN 2015

Hordaland fylkeskommune
v/ Fylkeskonservator Per Morten Ekerhovd
Postboks 7900
5020 BERGEN

Etne, 26.01.2015

Dykkar ref.:

Vår ref.:
2010000299/2015000712

Arkiv:
N-256

Sakshandsamar:
ERK

MØTE OM VERNESAKA PÅ STØDLE

Etne kommune ber Hordaland fylkeskommune til Etne i møte med Etne kommune og partar i saka.

Vernesaka på Stødle i Etne kommune har teke lang tid og er ikkje ferdig handsama. I 2000 gjorde Hordaland fylkeskommune vedtak om mellombels vern av området nord og sør for Stødle kyrkje. Etne kommune er kjend med at Riksantikvaren sende saka attende til Hordaland fylkeskommune i april 2013.

Etne kommune får stadig spørsmål om kva tid det kjem avklaring frå partar som er berørte av framlegget til vern av Stødleterassen. Det er viktig både for kommunen og berørte grunneigarar å få klarlagt planstatus for dette området. Etne kommune ber om tilbakemelding på ein tidsplan for sakshandsaming og endeleg stadfesting av planstatus for Stødleterassen. Viser til mail av 14.10.2014 frå Etne kommune der ein ba om det same. Mailen var sendt til Fylkeskonservatoren.

Det er no kome ynskje lokalt om eit orienteringsmøte om status for arbeidet. Etne kommune er positive til møtet, men har pr i dag lite nytt å orientera om.

Etne kommune ber om rask tilbakemelding.

Med helsing

Siri Klokkestuen
Saksordførar



53 75 80 00 · Telefaks: 53 75 80 01 · E-post: firmapost@etne.kommune.no · www.etne.kommune.no

5591 ETNE · Postboks 54 · Bankgiro · 8580.13.36200 · Org.nr.: 959 435 375